

FORMANNSKAPET

HOVUDUTSKRIFT

Møtedato: 19.01.2010

Møtetid:

Kl. 15:00 –

Møtestad: KOMMUNESTYRESALEN

Saksnr.:

001/10 - 017/10

Følgjande medl. møtte	Parti	Følgjande varamedl. møtte	Parti
Helge Andre Njåstad	Frp	Ove Fagerbakke	Ap
Jostein Blånes	”	Øystein Østervold	Frp
Edvard J Stangeland	Sp		
Julie Solbakken	H		
Kurt Frank	”		

Forfall meldt frå følgjande medl:	Sak	
Jane Stangeland	Ap	
Renate Møgster Klesvik	Frp	
Kjetil Østervold	”	
Christian Halstensen	Krf	

Møteleiar:	Ordførar Helge Andre Njåstad
Frå adm. møte:	Rådmann Rolf Nøstdal, Skulesjef Liv Margareth Østervold, Økonomisjef Liv Bente Storebø og Norunn Storebø som sekretær
Utlevert i møtet:	Sak 011/10, 016/10 og 017/10 m/vedlegg
Merknader:	Ingen merknader
Innkalling:	Ingen merknader
Diverse:	

Underskrifter:

Helge Andre Njåstad
Ordførar

Jostein Blånes

Øystein Østervold

Julie Solbakken

Kurt Frank

Ove Fagerbakke

Edvard J Stangeland

Sakliste

Sak nr.	Saktittel
001/10	GODKJENNING MØTEBOK FORMANNSKAPET 2. DESEMBER 2009
002/10	POLITISK KVARTER
003/10	REFERATSAKER
004/10	REKNESKAPSRAPPORTAR ETTER NOVEMBER 2009
005/10	SØKNAD OM KJØP AV TILLEGGSAREAL
006/10	SØKNAD OM BISTAND VEDK. MOLOEN PÅ RABBEN
007/10	LYSREGULERING AV RIKSVEGEN PÅ BJELLAND
008/10	SAL AV STOREBØ MARINA (GRÅSIDALEN)
009/10	GNR. 18 BNR. 0047 STANGELAND. REGULERINGSPLAN - PLANENDRING - SØKNAD OM REDUSERT GEBYR
010/10	EIDSBØEN BUFELLESSKAP. SLUTTREKNESKAP FOR BYGGJEARBEID.
011/10	STOREBØ PLEIE- OG OMSORGSENTER - VIDARE UTBYGGING
012/10	TILBOD OM UMLEIGEBUSTADER I VIK
013/10	AUSTEVOLL UNGDOMSSKULE - INNKOMNE TILBOD PÅ TILRETTELEGGING AV GARDEROBAR. TILRETTELEGGING AV VEG.
014/10	OPPFØLGING AV RAPPORT FRÅ HELSEVERNETATEN OG GODKJENNING AV BARNETAL I SMÅTUN BARNEHAGE
015/10	STOREBØ SKULE - RAPPORT FRÅ HELSEVERNETATEN
016/10	MOLO PÅ HUFTHAMAR
017/10	Politikar pc - innkjøp / kostnader

001/10: GODKJENNING MØTEBOK FORMANNSKAPET 2. DESEMBER 200

Vedtak:

Møteboka frå møte i formannskapet 02.12.2009 vert godkjent slik ho ligg føre.

002/10: POLITISK KVARTER

Handsaming i møtet:

Spørsmål til ordførar frå Øystein Østervold, Frp:

Kva er status/stoda for sak om Indreholmen og båt plassprosjektet? Vert det arbeida med saka?

Ordførar svara:

Reguleringsplanen er framleis til vurdering hos fylkesmannen, men me reknar med avklaring snarleg og vil då kunne gå igong med planlegging. Kommunen må vurderer korleis ein går vidare med dette og gjerne vurdere å "sjekke" interessen for båt plassar.

Vedtak:

Spørsmål og svar vart lagt ved møteboka.

003/10: REFERATSAKER

Vedtak:

Meldingane vert tekne til etterretning slik dei ligg føre.

004/10: REKNESKAPSRAPPORTAR ETTER NOVEMBER 2009

Vedtak:

Austevoll formannskap tek rekneskapsrapport etter november 2009 til orientering

005/10: SØKNAD OM KJØP AV TILLEGGSAREAL

Vedtak:

Austevoll kommune gjev samtykke til kjøp av det omsøkte arealet, men gjer merksam på at området er regulert til friluftsområde og at sal ikkje endrar status i reguleringsplanen.

Rådmannen får fullmakt til sal av parsellen.

Formannskapet fastset salssummen til kr. 60.000 pluss omkostnader.

006/10: SØKNAD OM BISTAND VEDK. MOLOEN PÅ RABBEN

Vedtak:

Austevoll kommune viser til saksframlegg og søknad, men kan ikkje gå inn for at det vert gjeve tilskot til Rabben Båtlag.

007/10: LYSREGULERING AV RIKSVEGEN PÅ BJELLAND

Handsaming i møtet:

Forslag frå Jostein Blænes Frp:

Austevoll kommune vi søkje Statens vegvesen om å få sett opp lysregulering når vegbanen er glatt som strakstiltak for å auke sikkerheten lang den nye vegen.

Som permanent løysing må det byggjast tunnel slik kommunen har skissert i kommuneplanen. Kommunen ber vegvesenet om midlar til planlegging av tunelløysinga.

Ved røysting vart forslaget samrøystes.

Vedtak:

Austevoll kommune vi søkje Statens vegvesen om å få sett opp lysregulering når vegbanen er glatt som strakstiltak for å auke sikkerheten lang den nye vegen.

Som permanent løysing må det byggjast tunnel slik kommunen har skissert i kommuneplanen. Kommunen ber vegvesenet om midlar til planlegging av tunelløysinga.

008/10: SAL AV STOREBØ MARINA (GRÅSIDALEN)

Handsaming i møtet:

Jostein Blænes er ugild i saka.

Vedtak:

Som rådmannen si tilråding

Formannskapet godkjenner kjøpekontrakten mellom Austevoll kommune og Helge Møgster og Jostein Blænes slik den ligg føre.

009/10: GNR. 18 BNR. 0047 STANGELAND. REGULERINGSPLAN - PLANENDRING - SØKNAD OM REDUSERT GEBYR

Vedtak:

Formannskapet viser til søknaden frå Årland Eiendomsutvikling AS dt. 25.11.09 om redusert plangebyr for denne saka, men finn ikkje grunnar til å gje redusert gebyr for denne reguleringsendringa ettersom det er ei føremålsendring og med det ei ordinær planendring.

010/10: EIDSBØEN BUFELLESSKAP. SLUTTREKNESKAP FOR BYGGJEARBEID.

Vedtak:

Austevoll kommunestyre godkjenner sluttrekneskap vedkomande byggjearbeid for utviding med et tilbygg til Eidsbøen bufellesskap.

Restmidlar på kr. 595,- inkl mva, foreslåast overført til 03700.2150.2222 Austevoll ungdomsskule.

011/10: STOREBØ PLEIE- OG OMSORGSENTER - VIDARE UTBYGGING

Vedtak:

1. Austevoll formannskap vedtek at Storebø pleie- og omsorgsenter skal utvidast med 20 nye sjukeheimsplassar.
2. Austevoll formannskap vedtek at formannskapet er plan- og byggjenemnd.
3. Austevoll formannskap vedtek at ein snarast mogleg utlyser prosjektet på DOFFIN for prekvalifisering av 5 føretak.
4. Bjerk og Bjørge as engasjerast til å utarbeid mellom anna eit romprogram innanfor ein kostnadsramme på kr 490.000,-

5. Det opprettast ei referansegruppe samansett av 2 pårøranderepresentantar, leiar i eldrerådet, leiar i tenesteutval og 2 frå administrasjonen og ein tillitsvald.
6. Forprosjektet må vere ferdig innanfor 60 dagar.
7. Austevoll kommunestyre skal godkjenne val av utbyggingsalternativ, kostnadsoverslag og Finansieringsplan før utlegging på DØFFIN.

012/10: TILBOD OM UMLEIGEBUSTADER I VIK

Handsaming i møtet:

Jostein Blænes er ugild i saka.

Vedtak:

Saka vert utsett saka til ein har innhenta meir informasjon i saka.

013/10: AUSTEVOLL UNGDOMSSKULE - INNKOMNE TILBOD PÅ TILRETTELEGGING AV GARDEROBAR. TILRETTELEGGING AV VEG.

Vedtak:

1. Austevoll formannskap vedtek ei investering på kr 1.260.000 inkludert mva. til bygging av garderober for funksjonshemma.
2. Austevoll formannskap vedtek å nytta kr 100 000 til tilrettelegging av veg mellom skuleplass og underetasjen av skulebygningen.
3. Beløpet vert belasta investeringsbudsjettet Austevoll ungdomsskule.

014/10: OPPFØLGING AV RAPPORT FRÅ HELSEVERNETATEN OG GODKJENNING AV BARNETAL I SMÅTUN BARNEHAGE .

Vedtak:

1. Uteståande forhold som synt i Helsevernrapporten blir utbeta innan 01.08.2010. Ein plan for uteståande arbeid og kostnader relatert til dette vil bli lagt fram til politisk handsaming.
2. Småtun barnehage blir godkjent for 30 plassar i det året barnet fyller 3 år.

015/10: STOREBØ SKULE - RAPPORT FRÅ HELSEVERNETATEN

Vedtak:

Rådmannen får i fyrste omgang disponere 1 million av dei 10 millionane som er sett av på budsjett 2010 til investering. Midlane skal gå til naudsynte utbetringar av fuktskadar på Storebø skule og kartlegging og eventuell utbetring av luktproblem på Nordstandsbygget. Rådmannen vil gje fortløpande løypemeldingar til Austevoll formannskap.

016/10: MOLO PÅ HUFTHAMAR

Handsaming i møtet:
Forslag til vedtak frå Frp:

Austevoll formannskap viser til tilbod frå Øksnes Maskin om å få nytta overskottsmassar til ein kommunal molo på Hufthammar.

Formannskapet sett i medhald av hasteparagrafen av kr 200.000,- pluss mva til investeringa finansiert over fond frå salsinntekter/refusjonar,

Formannskapet ber administrasjonen syta for frådelling og sikring av eigedomsheimelen til molo og molofeste, samt sikre løyve til tiltaket. Formannskapet føreset at administrasjonen syter for skikkeleg beskrivelse av tiltaket før kontrakt vert inngått.

Vedtak:

Samrøystes for Frp sitt forslag:

Austevoll formannskap viser til tilbod frå Øksnes Maskin om å få nytta overskottsmassar til ein kommunal molo på Hufthammar.

Formannskapet sett i medhald av hasteparagrafen av kr 200.000,- pluss mva til investeringa finansiert over fond frå salsinntekter/refusjonar,

Formannskapet ber administrasjonen syta for frådelling og sikring av eigedomsheimelen til molo og molofeste, samt sikre løyve til tiltaket. Formannskapet føreset at ein får ein skikkeleg beskrivelse av tiltaket. Formannskapet føreset og at administrasjonen syter for skikkelge beskrivelse av tiltaket før kontrakt vert inngått.

017/10: POLITIKAR PC – INNKJØP/KOSTNADER

Vedtak:

Austevoll kommune vedtek at det blir kjøpt inn 27 tablet-pc av typen HP 2730p. med nødvendig utstyr og programvare i samsvar med utarbeidd kostnadsoverslag.

Samla kostnader for gjennomføring av prosjektet ”Politikar-pc” er på kr 350.000,- inkl mva. Investeringa bli å dekkja ved bruk av ubunde kapitalfond.

Rett utskrift:

Norunn Storebø